



LANDSKAPSANALYSE

Skog og landskap har definert dette området som lågfjellsdalar over tregrensa. Denne landskapstypen omfattar store og opne dalar som ligg mellom 600 – 1000 moh. Området ligg over tregrensa men lågare enn viddene og fjellpartia dei strekk seg inn mot. Det er ofte store moreneavsetningar som dannar eit kupert terreng, bekkar og vassig som i øvre deler gjerne samlar seg til ei hovudelv som set eit tydeleg preg på landskapskarakteren. I inngangen til dalane finn ein ofte fjellbjørk og furu. Dette landskapsområde har ein naturleg fordeling i fylket.




Figur 1: Utsnitt frå kommune kart 3D av planområdet.


Område er omfatta av noko skog og nokre opne felt. Område rundt er omfatta av hytter, campingplassar og infrastruktur. Kommunedelplanen på Kvamskogen legg opp til ei fortetting i eksisterande hytteområde, i staden for utbygging av nye område lenger vekk frå vegen. Reguleringsendringa med auka utnyttingsgrad vil vere i tråd med intensjonen om å ta vare på dei større grøntområda bak eksisterande hytteområde, samtidig som det er bra med grøne korridorar til fjellområda bak.



Figur 2: Kart frå NIBIO som syner type skog i området



Store delar av planområdet er ikkje tresatt jf. NIBIO sitt kart (figur. 2). Dei områda som ikkje er tresatt er derimot omfatta av grunn myr med ikkje nøysam vegetasjon jf. NIBIO:




Plassering av hyttene er nøye vurdert i gjeldande reguleringsplan og det er lagt føringar i føresegnene for utsjåande til hyttene. Blant anna at eksisterande terreng



og vegetasjon skal takast i vare så langt råd er. Det er vurdert at gjeldande reguleringsplan legg gode føringar for å, i best mogleg grad, tilpasse hyttene til eksisterande terreng, vegetasjon og natur.


I tabellen under er kvar eigedom vurdert ut frå hellingsgrad, eksisterande hytte, vegetasjon og areal på tomte. Det er i tillegg sett på eksterne kartkatalogar om eigedomane inneheld farar/ vern/ forureining/ viktig biologisk mangfald og liknande.



Fylgjande teiknforklaring er nytta til framstilling i tabell under:


- Eigedomsgrense
- Bygg (og takkant)
- 150m²- avgrensing
- Byggegrense (4 m til eigedomsgrense og 20 m til bekk/elv)






Gnr./bnr.	Plassering:	Vurdering:	Utviding av eksisterande hytte:
19/713		Eigedomen ligg innanfor område definert som grunn myr med ikkje nøysam vegetasjon. Eksisterande bruksareal er på 86 m ² . Hellinga og vegetasjon på tomte gjer det uproblematisk å utvide hytte med inntil 150 m ² . Utvidinga kan ikkje skje mot nordaust, då det går ein bekk forbi eigedomen som ein bør halde seg 20 meter frå. 20-metersgrensa er synt med stipla line på biletet til høgre.	
19/503		Eksisterande bruksareal er på 38 m ² . Eigedomen heller bratt nedover og eksisterande hytte ligg på eit lite platå. Det er mykje vegetasjon på eigedomen. Det vert vurdert at hytta kan utvidast med inntil 150 m ² , dersom hytta vert utvida mot søraust og langs med kotene.	




19/728		Eigedomen ligg innanfor område definert som grunn myr med ikkje nøysam vegetasjon. Eksisterande bruksareal er på 61 m². Generelt er eigedomen bratt, men hytta ligg på eit platå/ flata areal. Det vert vurdert at det er plass til å utvide hytte med inntil 150m², dersom det vert bygd ut mot sørvest.	
19/727		Innanfor område definert som grunn myr med ikkje nøysam vegetasjon Eksisterande bruksareal er på 50 m². Hytta er på ei av dei brattaste tomtene innanfor feltet. Ved utbygging av eksisterande hytte er store delar av eksisterande terreng flata ut. Det vert difor vurdert at det er moglegheit for å utvide hytte med inntil 150m², dersom den vert utvida mot nordvest.	



19/524		Eksisterende bruksareal er på 77 m ² . Eksisterende hytte er plassert på den bratteste delen av tomta, der det også er mest vegetasjon. Det vert vurdert at hytta kan utvidast med inntil 150 m ² , dersom hytta vert bygd ut mot aust/ eksisterande tilkomstveg.	
19/506		Eksisterende bruksareal er på 67 m ² . Eigedomen er noko brattare i nord, med tettare vegetasjon, og det vert difor vurdert at eventuell utviding bør skje mot sør. Det vert vurdert at utviding med inntil 150m ² i sør vil vera mogleg.	



19/465		Eksisterande bruksareal er på 57 m ² . Helling og vegetasjon på tomta tilseier at det er uproblematisk å utvide hytta inntil 150 m ² , dersom ein held ein avstand frå elva på 20 meter, samt 4 meter frå eigedomsgrensa. Det meste av vegetasjon på tomta ligg innanfor byggegrensa mot elva.	
19/119		Det er ikkje sett opp hytte på denne tomta pr. dags dato. Dersom ein måler seg 20 meter frå bekk og 4 meter frå eigedomsgrensene er det uproblematiske å sette opp ei hytte på inntil 150 m ² øvst på tomta.	